
Fra: Karolina Lien Vakt skjold <kkjvakt@online.no>
Sendt: torsdag 29. september 2016 10.49
Til: Postmottak Radøy
Emne: Fwd: Re: 16/11519 Klage på vedtak om innsyn

----- Opprinnelig melding -----

Emne: Re: 16/11519 Klage på vedtak om innsyn

Dato: 29.09.2016 10:47

Fra: Karolina Lien Vakt skjold <kkjvakt@online.no>

Til: radoy.kommune@postmottak.no

Den 12.09.2016 11:16, skrev Karolina Lien Vakt skjold:

Radøy kommune

Klage på vedtak om innsyn i Fylkesmannen sin rapport om tilsyn på Sæbø skule i april 2016

Viser til svar på min søknad dagsett 09.09.2016

Vil med dette klage på vedtaket, som gir delvis innsyn. Fekk ikkje innsyn i den førebelse rapporten fra fylkesmannen (Sæbø skule), den rapporten vert vurdert som eit uferdig dokument.

Søknaden min er vurdert etter §11 meirinnsyn i Lov om offentlig forvaltning, men vurdert at omsynet til trongen for unntak veg tyngre enn omsynet til offentlig innsyn.

Ber om ei vurdering kva ein legg til grunn i dette omsynet, at trongen for unntak veg tyngst.

Etter mi vurdering er den førebelse rapporten ein rapport om situasjonen før 14. april, den endelege rapporten er ein rapport om kva Sæbø skule og skuleeigar Radøy kommune har planer om å gjera i framtid. Det er to ulike situasjonar som er redgjort for, ikkje uferdig slik grunngevinga seier. Dette er svært uheldig å halda unna offentlegheit, og kan ikkje være i tråd med intensjonen i lova.

Artikkelen i Strilen av 10.juni legg til grunn den førebelse rapport . Radøy kommune avviste innsyn , men Strilen fekk innsyn hjå Fylkesmannen. I denne artikkelen går det fram at det er brot på opplæringslova og peika på at kommunen ikkje hadde internkontrollsystem til å avdekka situasjonen.

Det er påfallande at Radøy kommune freista å hemmeleghalda dette.

Slik eg ser det, vurderer Radøy kommune og Fylkesmannen lova ulikt.
Minner også om at Ordføraren i kommunestyremøtet den 18. mai i spørjetimen gav sin tilslutning til meiroffentligheit i kommunen.
Dette avslaget er etter mitt syn, ikkje i tråd med ordføraren sin lovnad.

Konklusjon: Ber om innsyn i den førebelse rapport om tilsyn ved Sæbø skule 2016

Sæbøvågen 29.09.2016

Karolina Vaktskjold

Vararepestant Radøy kommunestyre